


# Seterbrukskaren

Skrift frå Norsk Seterkultur  
Nummer 3 – oktober 2001



## Innhold:

Budeie det er serie det	s. 2
Eigenstatus for seterdrift og landskap	s. 3
Geitnettverket i sving	s. 3
Friskere geiter	s. 3
Seterdrift i Troms	s. 4
Setersommaren	s. 5
Fjordfeentusiastar	s. 5
Flott bok om seterlivet	s. 6
Setring er lønnsomt	s. 6
«Sæterdrift får nyt liv»	s. 6
Poetiske sidesprang	s. 7
Marknadsføringsprosjekt	s. 7
Setra og grønt spatak ein suksess	s. 8

Utgjevar: Norsk Seterkultur,  
6214 Norddal  
telefon 70 25 92 29  
70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seterkul@online.no  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

Redaktør: Torhild Svisdal Mjøen  
Trykk: Olav Snøfugls Trykkeri,  
7340 Oppdal

Foto framside: Gunhild Wennevold

# Vi må seie frå!

Seterbruket har vore - og er - ein stillferdig del av landbruket. Stort sett fråverande i landbrukspolitikken og uorganisert inntil interesseorganisasjonen Norsk seterkultur vart skipa. Gjennom utvik-

linga av organisasjonen har vi kome i kontakt med ei driftsform som er langt meir utbreidd, mangfaldig og livskraftig enn vi i utgangspunktet trudde. Rett som det er blir vi kontakta av folk som

tenker på å ta opp att seterdrifta, og vi møter ein entusiasme og motivasjon blant seterbrukarane som landbruket samla sett treng. Eg vågar påstanden: seterdrifta er norsk landbruk sitt utstillingssvindauge nr. 1! Setra er det beste landbruket vårt har å by på, produserer varer og opplevingar av svært høg kvalitet, held kulturlandskap og biologisk mangfald i hevd og bygger alliansar med omverda.

For Norsk seterkultur er det ei prioritert oppgave å fremme seterdrifta si sak overfor styrmaktene.

Seterdrifta har ikkje på langt nær den plassen driftsforma fortener i landbrukspolitikken, og difor krevst det innsats overfor faglaga i landbruket såvel som staten. Også på andre politikkområde må vi tala med kraftigare stemme, medverke til samarbeid og gjennom det få på plass det bolverket som trengst for å ta vare på setrene og gjerne utvikle driftsforma vidare. Seterdrifta er utsett!

Gardsbruka som driv setring er gjennomgående små, har truleg ein middelkvote kring 50-60 tonn (ku), ikkje akkurat vinnarane i den landbrukspolitikken sterke krefter i Noreg no ynskjer å føre! Dette krev engasjement frå oss i næringa - ikkje minst for at vi skal få full nytte av dei gode relasjonane vi har til m.a. dei store organisasjonane innan friluftsliv, miljø- og kulturvern. Dei positive sidene ved seterdrifta er mange. Som organisasjon må vi bygge arbeidet vårt på desse positive sidene, som så mange etter kvart ser. Vi må synne klårt fram dei verdiane og det potensialet setrene representerer - og byggje opp den status seterdrifta forteiner.

Jostein Sande



På Sessakersetra i Oppdal.

strekk, men tilsammen og med hjelp utenfra har vi klart å få snekret ihop de ti ukene kyrne til Ivar og Gunn Detlie er på setra - i snart 20 år. Får vi 20 år til?

Jeg pleier å ta over først i august og er der først en stund alene (bare mitt eget hode, ja) før mannen min kommer etter. Setra i Gjevilvassdalen er et fristed, der jeg slipper å forholde meg til anna folk og til alle utfordringer vi ellers har som små sjølstendig næringsdrivende innen husflid og håndverk. Til daglig driver vi med treskjæring, restaurering og tægerarbeid. På den gamle tingvollen v.s.a. Ringebu stavkyrkje har vi et lite senter med produksjon, utsalg, kurs, omvisninger m.m. Og slik som andre har åpne setrer, så har vi Åpent verksted. Ettersom dette holder oss beskjeftiget dagen lang året

rundt og vel så det, så er budeiestallet en velkommen avkobling. Ikke rart kanskje at det fort ble slutt med skilt ved veien og rømme til salgs: igjen var det å svare på alle spørsmål om at jeg vel ikke var norsk og hvordan hadde jeg havnet her, og hvor lenge hadde jeg vært i Norge og hvor mange kyr hadde vi ... Nei, på «min» seter skal det være stille, ikke mange mennesker, bare kyr og natur.

Med ei slik seter får alle ferie: bonden slepper fjøsstell, kyrne går ute og får masse klapp og kos, og vi «byfolka» får opphold i fjellet med god tid, mye vær og mye stillhet. Betalt ferie er det attpåtil! Og med oss hjem har vi minnene i form av kvitost, molte og kantareller. Kan en få det bedre?

Hilsen og anbefalinger  
Janke Meijer

## Budeie det er ferie det . . .

17 kyr som går innengjerd, de skal stort sett sines opp. Rørmelkanlegg, tankbil og modernisert seterhus. Frisk luft, ro og fred og fantastisk utsikt. Rusleturer etter bær og sopp. Stillhet, høstmørke og bare mitt eget hode å høre på. Se bildet side 7.

Sessakersetra er verdens beste feriested. Det synes i all fall jeg, som sammen med to venninner fikk arbeid som seterbudeie i Gjevilvassdalen i Oppdal. Året var 1982, vi var tre elever ved Fosen Folkehøgskole og det var inn å søke seg til seters. To nederlandske og ei norsk jente med mer eller mindre erfaring fra ku og fjøs. Nå er vi tjue år senere. Fortsatt er vi de samme tre venninner på samme setra. Imellomtiden har jeg fått norsk mann og bor i Gudbrandsdalen, Kitt kommer nå med mann og barn fra Bergen og Janka reiser fortsatt helt fra Nederland for å stelle kyr noen uker hver sommer. Tenk at vi skal feire 20 års seterjubileum til neste sommer!

Hele året gleder jeg meg til seterperioden, og drømmen er å bli veldig tidlig fortidspensjonert slik at jeg kan være der hele sommeren, fra hvitveis og mye snø på Hornet til røsslyng og hoststormene i september. Ingen av oss tre har anledning til å være budeie en hel sommer i

# Eigen status for seterdrift og seterlandskap?

Etter vedtak i direksjonen sette Norges Vel sist vår saman ei gruppe frå ulike organisasjonar og fagmiljø for å greie ut problemstillingar og muligheter kring etableringa av ein særleg status for seterdrifta og seterområda. Gruppa sette seg som mål å gi ei kortfatta innföring i kva kulturarv og landskapsverdiar ein har i stølsområda. Vidare kartleggje status med om-

syn til næringsmessig utnytting, visepotensialet for næringsmessig utvikling og peike på konkurransefortrinn og grunnlag for merkevarebygging - og å vurdere korvidt ein særleg internasjonal status vil kunne styrke eksisterande næring og utvikle ny verdiskaping. Jostein Sande representerte Norsk seterkultur i arbeidsgruppa, og han fortel at ein rapport snart ligg

føre. Han legg vekt på at ein evt. internasjonal status for seterdrifta og seterområda vil kunne auke den samla interessen for seterdrifta og forvaltinga av desse verdiane. Det kan i neste omgang styrke den offentlege verkeverdien - og betre marknadstilgangen for mjølkprodukt frå seter og gard og ulike reiselivsprodukt knytt til seterområda.

## Geitnettverket i sving

Ivar Bjarne Underdal, Norsk Gardsost, Gjermund Stormoen, Tine Norske Meierier, Magnhild Nymo, Norsk sau- og geitalslag og Jostein Sande, Norsk seterkultur utgjer styringsgruppa for utviklinga av eit nettverk for nyskapning og koordinering innan geithaldet. Det er løyvd 110.000 kroner frå SND til eit forprosjekt, og styringsgruppa er kome i arbeid. Det krevst vesentleg offentleg finansiering for å få nettverket på føtene.

Tine har teke på seg sekretærfunksjonen, og gruppa har ambisjonar om at ting no skal skje raskt. Det var ei koordineringsgruppe nedsett av SND som gjorde framlegg om eit slikt nettverk, og leiaren i Norsk seterkultur tok på ny tak i ideen i vår og fekk gjennomført dei første «sonderingane» som skulle til for å få det heile på gli.

Det trengst tiltak for geithaldet no, haustens runde med kvotesal resulterer i ytterlegare avskaling.

Talet på bruk med geitmjølkproduksjon er vel ned på 620-talet, så no trengst det ny motivasjon og gjerne nye geit-bønder.

## Friskere geiter


Endeleg er det klart for å sette i gang eit krafttak for smittesanering innan geithaldet. I desse dagar går Helsetjenesten for Geit ut med informasjon til geithaldarane om eit prosjekt som har som mål å gjera 20 buskapar på landsbasis fri for dei tre sjukdommene CAF, byllesjuke og paratuberkulose. Åshild Dale, geitebonde i Norddal på Sunnmøre og medlem i styret for Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m. fortel at Tiltaksfondet no har løyvd 3,334 mill.kroner til dette prosjektet for 2002 - som føresett av jordbruks-

avtalepartane i vår. Løyvinga for dei påfølgjande fem prosjektåra avheng av at det vert sett av ekstra midlar til Tiltaksfondet. Prosjektet er planlagt for seks år, med eit totalbudsjett på 11,086 mill. kroner, finansieringsplanen fordeles med 7,6 mill på jordbruksavtalen, 1,5 mill. på slakteri og meieri og 2,0 mill. kroner på brukarane.



Seterdrift i Troms

# Postdalen geitseter



*Mabel Owren med ei pakning feta-ost - bland geitene på fellessetra i Postdalen. Mange kjenner sikkert Mabel fra m.a. representantskapet i Norsk Sau- og Geitalslag.*

Vi flytta ned fra setra i går, 26. september, etter å ha vært på setra i tre måneder - så i dag er det full fart med å komme seg i orden heime og å avvikle drifta på setra. Fellessetra for geit i Postdalen (namnet har sammenheng med den gamle postvegen til Tromsø) ligger 17 km fra garden, 300 m.o.h. og har vært i bruk siden 1992. Det er tre bruk som har geitene der, i alt 220 mjølkegeit og kjea som skal påsettast. Det er Ivar Jørgensen, geit- og sau-bonde i Nordkjosbotn i Troms som fortel dette. Sammen med kona Mabel Owren driv han garden Bomstad. Vel 80 mjølkegeiter - kvote 45 tonn, 70-80 vinterføra sau og 180 da slåtteareal er «nøkkeltall» for garden. En slått, sauene får håa til høstbeite.

Ivar fortel at det er ikke så lange seter-tradisjoner i området, gardsbruks har kort veg til utmarka og i tidligere tider var det gjerne et enkelt

sommerfjøs nær garden. Det er bare to fellessetre for geit i fylket, ei i Lyngen i tillegg til denne i Balsfjord. Han forteller videre at de leier av staten, i et område der forøvrig svenske samer har beiterettigheter - retter som de nå har begynt å bruke igjen. Setra ligger på en gammel samisk sesongboplass, der det i gamle dager faktisk var vanlig at samene leide seg geiter fra fastboende i bygda. Bolig til de to røkterne leier de på et nedlagt småbruk, 3-400 meter fra fjøset. Og røkterne kommer fra Litauen!

- De har gjort en kjempejobb, men kan ikke være her mer enn tre måneder - på grunn av arbeidstillatelsen. Vi regner daglig arbeidstid til 6 1/2 time, og da tar de seg av alt - slik at vi slipper å engste oss for stellet oppå setra. Turnusen er 12 dager på og 2 dager fri, så da må vi brukerne avløse, sier Ivar.

Setra ligger tett ved en fylkesveg, der brukerne må holde i orden 1 1/2 km med elektriskgjerde. Geit og el-gjerde fungerer fint, forteller Ivar. Beiteområdet er stort, og kan utvides om det blir aktuelt å ta inn en buskap til. - Sjølsagt taper beitet seg utover i september, og da frakter de rundballer opp - som geitene får til «kveldsbeite» og om dagen når været er ekstra surt. Mjølka går til meieriet på Storsteinnes, bare litt blir foredra på garden.

Mabel er i ferd med å komme i gang med ysting - har avtale om å kunne bruke inntil 1000 liter til foredling heime. Og starten er god - om vi skal dømme etter smaken på fetaosten fra Bomstad Gårdssyster! Osten blir solgt direkte fra garden, og godkjenning for salg til restauranter i Tromsø er på plass. - De planlegger utbygging av ysteri på garden, og kanskje kan det også være aktuelt å yste på setra, forteller Ivar, som også er opptatt av den nye geitosten som nå blir produsert av meieriet på Storsteinnes.

De tre buskapene er relativt jammstore og samarbeidet mellom brukerne går veldig godt. Vi har kjeing i januar-februar, er med i bukking, dessuten involvert i et fersksædprosjekt. Sauene lammer i mai, og da er det godt at kjeinga for lengst er unnagjort. Mjølkekveten er stort sett levert når vi kommer ned fra setra, slik at geitene kan tørkes. Dermed blir det mjølking heime bare fra januar til St.Hans. Og når geitene kommer heim, er sauene stort sett sanka og lamma sendt til slakteriet, og slik sett har vi et driftsopplegg vi er godt fornøyd med, forteller Ivar, som legger til at det snødde da de flytta heim fra setra - og det har blitt til 10 cm snø i dag!

# Mykje folk til støls

Frå mange kantar av landet får vi meldingar om seter-arrangement som samlar mykje folk! Norsk seterkultur er på ymse vis involvert i ein del av arrangementa, men vi har korkje plass i bladet eller ressursar elles til å dekkje alt dette. Vi har inntrykk av at lokalavisene viser stor interesse for slike stølsarrangement, sameleis registererer vi mange reportasjar frå setre og intervju med budeier. Mange av ungdomane som fekk seg seterjobb gjennom Grønt Spatak vart det også skreve om i både riks- og lokalavisar.

Bufarhelga i Valdres, som Norges Vel står bak har fått fyldig omtale i dagspresse og fagblad. Oppslutnaden om buføringa var vel ikkje heilt som vona, men totalt sett sette arrangementet fokus på mange sider ved stølkskuluren i området. Saman med Norsk Gardsost arrangerte NV samstundes landsstilling av produkt frå støls- og gardsysteri - med 37 delta-

kar/ 66 ulike produkt. - Seterprisen gjekk til Christian Saxlund frå Imsdal i Østerdalen. Saxlund, som vi også kjenner frå Seterbrukaren sine spalter, har dreve garden Imsmoen og setra sidan 1994, men har mange års erfaring frå seterstell for den tid. Gratulerer så mykje med velfortent pris!

Norsk seterkultur har vore representert på fleire seterstemne, museumsdagar, seminar m.v. Marit Hoel har vel vore mest i sving, m.a. i Molde, på Lesja og i Sunndal - og nyleg på Fåbodsriksdag i Sverige. Jostein Sande representerte organisasjonen m.a. i to panel under den store sommarsamlinga fylkeslag i småbrukarlaget (Oppland, Sogn og Fjordane og Hordaland) heldt på Beitostølen i juli. Tema der var m.a. småskala foredling og bruken av utmarksressursane - tradisjonell eller kommersiell bruk.

## Liv att på gamle tufter

Vi har tidlegare omtala at seterdrift har kome i gang att etter mange års opphold fleire stader i landet, m.a. i Sykkylven i Møre og Romsdal. Frå Sunndal, lenger nord i same fylket, blir det meldt om at det i år var tre setre i drift - ein auke på 150 prosent! Gammelsetra i Grøvudalen kjenner vi fra før, men fra i år er det altså seterdrift att både på Renndølsetra i Nerdalen og på Hårstadsetra i Tor budalen. Forresten medlemmar i Norsk seterkultur alle tre! Kjem attende til dette i eit seinare blad.



Einar Anshus tar geitene inn til mjølking på Hårstadsetra i Tor budalen.

## Støys-ysteri i drift att

Meieriet på Kandalstøylen vart nyleg nyopna, etter eit langt og omfattande restaureringsarbeid. Opninga vart markert i samband at det lokale bonde- og småbrukarlaget arrangerte støyshelg. Og ysteriet er ikkje berre til pynt, det blir på ny produsert ost i grytene. Det blir ysta av 130 liter i gongen, ogosten går unna. I følgje bladet Bonde og Småbruker var det fylkeskulturdirektør Lidvin Osland som sto for den offisielle opninga - og han peika på kor viktig det er å ta vare på støylane og gav ros til dei som har fått

gjennomført dette store restaureringsarbeidet. - Eksempel til etterfølging? Kanskje finst det fleire slike støyssmeieri som kan restaurerast? Det var ei tid svært mange slike små samyrkjettak - og kanskje kan restaurering vera starten på ei ny æra for lokal foredling av mjølk.



## Fjordfe-entusiastar

heile 45 i talet, møttest til årsmøte - og mykje meir - på Fausko i Hemsedal siste helga i juli. Styreleiar Nils Sigurd Drabløs fortel at det attåt årsmøtet vart tid til mangt anna, m.a. stølsbesøk, fjelltur og dans til tonar frå «Hemsedal afro-cubanske reinlenderorkester»! Laget arbeider no særleg aktivt for å sikre tilskota til dei gamle kurasane. 1 mill. kroner blir løyvt over jordbruksavtalen, men det blir berre 6-700 kroner pr. ku når byråkrati og kontroll-apparat har fått sitt. Styret vart attvald: Nils S. Drabløs, leiar, Steinar Hårklaau, nestl., Hege Nerland, redaktør for medlemsbladet, Arne Bekkevoll, livdyrformidlar og Torodd Bolseth.

# Flott bok om seterlivet!

Med boka «Seterliv» har forfattarane Karoline Daugstad og Svein Sæter gjeve seterdrifta eit løft! Boka bitt saman fortid og notid, gir eit bilet av status i seterlandet nett no - og framfor alt peikar mykje i boka framover.

Forfattarane auser av stor kunnskap og framstillinga er spenstig, med medviten bruk av ei rekke gode bilete. I fem hovudkapittel - Setra - kulturen i naturen, Gullalder og forfall, Bymann og bonde, Grenselandet og Setra.no - gir boka eit godt bidrag i arbeidet for å gi setra og seterdrifta fortent status.

Gjennom meir enn 150 sider blir leseren gjort kjent med det store mangfaldet i seterlandet, også dei formene for seterdrift som ikkje har fått sin opphøgde plass i nasjonalromantikken. Opphav og alder blir drøfta, visseleg går seterdrifta attende til førkristen tid - og om talet på setre i drift er redusert frå nærmere 100 000 i 1850 til knapt 2000 - så er overskifta «Tusen år og like stri» ein treffande karakteristikk. Det finst ein rik flora av bøker om setrene, gjerne som del av lokalhistoriske verk, og som oftast er desse svært tilbakeskuande. I boka «Seterliv» blir seterdrift i dag nytta som illustrasjonar og innfallsinkel til å skildre dei historiske linene. Møtet med ei rekke seterbrukarar understrekar livskrafta i

driftsforma, dei har i seg dei lange li-nene, livsforma, forståinga av ressurs-forvaltinga, kva som skal til for at dyra skal ha det godt og korleis mjølk og forelda produkta skal oppnå kvalitet. Vi møter menneske som er oppvaksne med setra - og dermed sitt inne med den handborne kompetansen. Og vi møter dei som har møtt setra, kua og geita seinare i livet - «og vart aldri den same». Ja, møte med huldra er óg ein del av seterlivet ....som sett sine spor.

Seterkulturen er svært funksjonell, noko som kjem tydeleg fram i byg-gjeskikk, innbu og reiskap. Tilpassa føremålet. Dette blir omtala i fleire kapittel og illustrert av gode foto. Setra som inspirasjon for kunstnarar og som ideal for pionerar i fjellturismen er óg vigg plass. Turistar i seterlandet er ikkje av ny dato. Og gamal kunnskap blir ny næring. Gjennom fleire døme fortel boka om korleis setre blir attraktive mål for aktivitet og oppleving, og korleis det enorme mangfaldet av mjølkeprodukt kan danne grunnlag for lokal foredling og auka verdiskaping. Det er på setrene denne kulturen har overlevd, og no kan det altså gi ny kveik i eit landbruk som kjempar i motbakke.

Setra har gått ut og inn av landbrukspolitikken - i fleire tiår var setrene

og seterdrifta heilt utafor. Med m.a. fokus på kulturlandskap og tilskot til setring har setra sakte om senn kome innatt på arenaen, men framleis ligg store oppgåver føre. Setra treng garden. Dei fleste som fører ku og geit til støls har heller små bruk, ein middelvote på 60 tonn mjølk (ku), og er svært utsette i den landbrukspolitikken som nett no har vind i segla. - Boka «Seterliv» sett desse utfordringane i perspektiv. Sjølsagt er det emne ein saknar, men 150 sider kan ikkje femne alt. For den som vil grave seg djupare ned i seterkulturen finst det mykje annan litteratur. For seterbrukarane er det godt å vite at vi har mange venner. Og både for seterbrukarane og alle setervenne-elle er boka ein skikkeleg godbit!

## «Sæterdrift får nyt liv»

«Den stigende interessefor sundhed og økologi har givet sæterdrift en mulighed for at overleve på turistvilkår», les vi i ein større artikkel - signert journalist Merete Carlsen - i den danske kooperasjonen sitt blad Samvirke. «I Heidis bjerge» er tittelen på artikkelen, som både skildrar seterlivet sør i Tyrol gjennom «en kvægvandring med en familie, som fastholder de gamle tradisjoner og ritualer» og som i tillegg innehold mykje generell informasjon om seterkulturen. Sæterdrifta har gått sterkt tilbake i alpe-landa óg, men dei siste åra har ein kunna registrere ny interesse for driftsforma. Vi saksar vidare: «Nye sundhedsideal. Men på det seneste har sæterdrift i mindre omfang fått nyt liv i takt med, at interessen for økologi, sundhed, natur og aktive ferier - fx bjærvandring - er taget voldsomt til. Nu kan udbyttet fra landbruget, mælk, smør og ost, nogle steder også æg fra høns, sælges i beskedne turistvirksomheder ute i den vilde natur - «- « Den friske luft og økologisk mad, direkte fra jord til bord, går sammen med aktivferier hånd i hånd med de nye sundhedsideal».

## Setring er lønnsomt

I hovedoppgaven «Sæterbruk i Vingelen - driftspraksis og lønnsomhet» har Siri Tobro fra Vingelen sett på drift og lønnsomhet i sæterdrifta i heimbygda. Konklusjonen er drifta med setring er den mest lønnsomme. I Vingelen er det hele 36 setre i drift, to av de er fellessetre, og dermed ligg det vel tilrette for en slik studie. 90 prosent av mjølkeprodusentene i bygda leverte mjølk fra setra. Mjølkeproduksjon med setring er sammenliknet med tre alternative modeller uten setring. Forutsetninga for bedre økonomi er at bruket ikke har tilgjengelig areal i nærheten og at infrastrukturen i sæterområda er intakta. Tilskotet til setring og tilskot til bruk av utmarksbeite er også viktige forutsetninger for bedre lønnsomhet med setring som del av drifta.

# «Poetiske sidesprang»

Aril Gjelsvik har sendt oss to dikt. Han fortel at han er jamnleg på Horstadstolen -stolen til Ivar Horstad - om sommaren, ein stol som ligg nær Ramsdalsheia i Naustdal i Sunnfjord. «Fint idyllisk plassert mellom fjella og eit godt fiskevatn som utsikt. Stolen vert driven på tradisjonelt vis - og det er buskap på 21, derav 6 mjølkekryr. Det er veg fram til fjøsdøra slik at ein kan få nedkjøla mjølk eller ferdige produkt til bygda. - Ikkje like bra at ein kjem så nær stølsvollen når det også skal vere rom for kyr og kalvar. Blanke bilar er svært ofte utsett for mykje beundring - også frå dei firbeinte! Aril reknar seg som «assistent» heller enn «garva stolar», og fortel at det blir mykje tid til tankar og poetiske sidesprang når veret legg til rette for innekos.

## Stølsliv


Mjølke og sile på liter vis  
halde tradisjonar har sin pris.

Separere mjølk og kinne  
alte smør i gamal binne.

Koke mjølka vel og lenge  
ved og tolmod kan vi trenge.

Smake mylse, ost og prim  
dreng og budeie er rette team.

Så er kvelden etter komen  
trøytt og sliten og rett i koven.



## Møkaruve

Bjøllekyra uroleg med beina trampar  
svinsar med blikket til alle kantar.  
Hald oppe døra så finn vi vegen inn  
ufyseleg regn eg slepp ruva i vegen din.

Attmed bilen kanskje grønare gras  
bryt ut av køen her er det berre mas.  
Tonar frå bjølla vekker drengen opp  
glyttar gjennom døra og gjer eit hopp.

Ete lite grann før eg sett i band  
stormar fram og får blod på tann.  
Å kor det blenkjer eg ser meg sjøl  
nyfiken dreng spring ut som eit føl.

Grip ein kjøpp med høgre handa  
sklir i sleipe møka før eg landa.  
Ruva smørjer rygg og liten bak  
ilt i hofta verre enn lukt og smak.

Unngå køyre bilen heilt på vollen  
god mosjon på sti rundt kollen.  
Heller sleike salt enn lakerte former  
eg og budeia ligg inne og dormer.

## Marknadsføringsprosjekt

Vi meldte i førre utgåva av skriftet at Norsk seterkultur har fått 80 000 kroner frå SND til eit forprosjekt for kompetanseutvikling og marknadsføring. Mange setre byr på aktivitetar og opplevingar for turistar, tilbyr overnatting, serverer seterkost eller produkt som smør og ost o.a. - men har problem med marknadskommunikasjonen. Dette må det gjerast noko med. M.a. legg Norsk seterkultur opp til samarbeid med regionale prosjekt, der fleire seter tilbod i same område treng hjelp til å utvikle eit marknadsføringsopplegg.

Norsk seterkultur er i gang med å få til ein mal for presentasjon på internett, og det er viktig at medlemane som har behov for å marknadsføre produkta sine «melder seg på». Gode idear, gode eksempel og evt. litt arbeidskraft blir også sett stor pris på. Temaet kjem elles til å bli teke opp på lokale samlingar - og truleg på eit større seminar.



## Ønskjer du å bli medlem?

Som medlem er du med på å:

- Fremja seterdrifta og seterkulturen
- Leggje grunnlaget for eit framtidig informasjon- og kompetansesenter knytt til seterkulturen
- skape eitt nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får bladet Seterbrukaren  
4 gonger i året

### Medlemskontingent 2001

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Organisasjonar/institusjon	kr. 400,-
Støttemedlem/tinging av	
Seterbrukaren	kr. 150,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar  
 Organisasjonar/institusjon  
 Støttemedlem/tinging av  
Seterbrukaren

Navn: .....

Adresse: .....

Fylke: .....

Telefon: .....

Send også tilbud om medlemskap til:

Send kupongen til:  
NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL  
Tlf.: 70 25 92 29 - 70 25 91 77  
Fax: 70 25 91 57  
E-post: [seterkul@online.no](mailto:seterkul@online.no)  
Bankgiro: 2367 20 51 169

Fra Natur og Ungdom blir det meldt om svært stor interesse for å vera «spatakist» - anten på seter eller på beitetilsyn i rovdyrområde. Kring 50 ungdommar deltok i sommar, spreidd frå Hattfjelldal i nord til Hemsedal i sør. Tilbakemeldingane er positive, både frå ungdomane som fekk ei eller to veker arbeid - og frå seterbrukarane og beitelaga. Det er Norsk bonde- og småbrukarlak og Felleskjøpet som saman med NU star bak dette tiltaket, og Norsk seterkultur har altså sluttat seg til samarbeidet. Ungdomane får kost og losji der dei arbeider og 300 kroner i løn pr. veke frå Grønt Spatak, som òg dekkjer reisa.

Eit viktig mål med tiltaket er å skape kontakt og dialog mellom landbruket og ungdomen, så ein lyt vera budd på å svare på kvifor ein gjer «ditt og datt». I skrivet som gjekk ut til vertane heitte det at ein skulle «forvente innsats», og innsatsen var jamt over skikkeleg god! Og skal ein døme etter tilbakemeldingane er det all grunn til at Norsk seterkultur held fram dette samarbeidet.

## Setra og Grønt Spatak - ein suksess!



*Fatima Hosain og May Irene Kvamme mjølka geit og laga stølskost på Herdalsetra.*

# NÅ BLIR DET ENKLERE Å LYKKES I FJØSET

**FORMEL**

VI FORNYER FORMEL-SORTIMENTET TIL DRØVTYGGERE

Nyere forskning viser at AAT-verdiene i grovfôr har vært overvurdert. Mange bønder har gitt dyra fôrrasjoner med for lite protein og fått dårligere resultater enn nødvendig. Felleskjøpet har tatt konsekvensen av dette og fornyer FORMEL-sortimentet.



Felleskjøpet

[www.fk.no](http://www.fk.no)

Den viktigste endringen er FORMEL Favør - nye blandingar som dekker behovet ved de fleste driftsformer. Ved hjelp av FORMEL-nøklene i vår nye brosjyre kan du enkelt finne den blandingen som gir best resultat i ditt fjøs.